

Dato: 18.06.2018

Emne:	Referat frå eigarmøte Etablerersenteret og Invest in Bergen		
Til stades:	Sjå vedlagte deltakarliste (vedlegg 1). Totalt var 18 av 23 programeigarar som har underskrevet avtalen til stades.		
Forfall:	Modalen kommune, Sund kommune, Fjell kommune, Eidfjord kommune, Odda kommune	Sak: 2018/11968-1	
Møtetid:	08. juni 2018, kl 10.00 til 12.00	Møtestad: Møterom Vestlandet, Fylkeshuset, Bergen	

## **Møtereferat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 08.06.2018**

### **Velkomen**

Bård Sandal ynskte velkomen til eigarane til Invest in Bergen og Etablerersenteret og fortalte kort om samanslåingsprosessen. Den 7.juni vedtok Stortinget at vi no skal heite Vestland Fylkeskommune. På [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no) kan ein lese meir om møter, nyheita etc.

Roald Kvamme blei valt til møteleiar og Tonje Marie Solsvik til referent.

Alle deltakarane har tale- og forslagsrett.

### **Invest in Bergen orienterar om sitt arbeid**

Invest in Bergen fortsetter arbeidet med å få bedrifter lagt til regionen. Invest in Norway, del av Innovasjon Norge, er det nasjonale initiativet for å få verksemder til Noreg. Dei har no tilsett medarbeidarar fem stader i verda. Også andre stader i Noreg er det kome fleire Invest in-initiativ på plass.

Invest in Bergen jobbar med fire hovudområde: Marknadsføring og profilering av næringane, Aktivt sal, på staden service samt Næringsvennlig offentlig sektor. Dei har arbeidd med betre marknadsmateriell og har eit styrka fokus på marin næring no i fyste omgang, særleg #oceanindustries.

GreenByte er eit samarbeidsprosjekt mellom Invest in Bergen, Hordaland fylkeskommune og BKK om etablering av eit eller fleire datasentre innan 2020 i Hordaland. Invest in Bergen orienterte kort om GreenByte-arbeidet.

Invest in Bergen orienterte også om bedrifter som ser til Vestlandet og Bergen for å etablere seg. Mykje fokus på bedrifter innafor marine næringar. Ocean Innovation Katapult viser kor sterk den marine næringa er i Bergensregionen. Har mellom anna bistått Corvus Energy frå Canada som ynskjer å etablere seg i Bergensområdet, med å finne eit eigna lokale for etableringa. Ein slik etablering kan innebere 40-50 nye arbeidsplassar.

Etter at Invest in Bergen har vært i dialog med UD har det kome fram at det kan vert etablert eit entreprenørskaps-visum, slik at utanlandske gründerar kan være her lengre enn tre månadar og arbeide med bedrifta si.

Invest in Berrgen arbeider og med å få til eit nasjonalt visningsssenter for dei blågrøne næringane i samarbeid med klyngene i regionen. Dette er og i tråd med Innovasjon Norge-satsinga The Explorer, som skal bidra til å vise kva Noreg gjer innafor grøen teknologi. Eit slikt visningsssenter er nyttig for delegasjonane som kjem hit.

### **Næringsvennlig offentlig sektor:**

Invest in Bergen har arbeidd saman med Hordaland fylkeskommune for å få midlar frå NKOM til utvikling av kjernenett for fiber. Invest in Bergen forklarte om prosessen knytt til dette.

Arealguiden er eit nyttig verktøy for Invest in Bergen. Arealguiden er tilgjengeleg på [www.investinbergen.com](http://www.investinbergen.com)

Tone orienterte om økonomien. Overskotet, vel 1 million kroner, vert satt på eit fond. 300 000 kroner vert brukt på Datasenterprosjektet (GreenByte). Styringsgruppa bestemmer korleis fondet skal fordeles.

Invest in Bergen har ansvar for delegasjonar som kjem til Bergen. Våren 2018 kjem 21 delegasjonar på besøk, kor 18 er frå Kina. Fleire av dei har vore her.

Invest in Bergen er i gang med tilsettingsprosess av en ny medarbeidar. Dette er ei halv stilling i eit toårig prosjekt. Tida skal fordelast med 30 % på kommunikasjonsarbeid og 20 % på delegasjonar.

Viser elles til vedlagt presentasjon for utfyllande kommentarar.

### **Etablerersenteret orienterar om sitt arbeid**

June orienterte om kven som sitter i styret til Etablerersenteret.

Etablerersenteret sitt mål er fleire og betre etableringar i Hordaland. For å gjennomføre dette held dei etablerarkurs, rettleiing og nettverkstreff, både på norsk og på engelsk.

Etablerersenteret viste ein oversikt over kva kommunar deltakarane i 2017 kom frå. Enkelte kommunar som er med på spleiselaget var ikkje representert. Dette meiner Etablerersenteret er synd. De jobbar for at det skal være deltakare frå alle eigarane. Fusa sendte ikkje nokon gründarar på kurs i fjor, men var representert gjennom «Månedens Bedrift».

I februar i år haldt Etablerersenteret eit kurs i Fusa kommune, med deltakarar frå kommunen. Dei har i år også deltatt på ordinært tilbod i Bergen sentrum.

June og Jostein Eitrheim(Hardanger) ser på mulegheiter for å halde kurs i Odda.

Etablerersenteret prøver for fyrste gang å halde heile kurspakken ABC Etablering (3 kurs) ute i Nordhordland i september. Vanlegvis har dei 1-2 veker mellom kvart kurs, mens i denne prøveordninga tar dei alle kursane på ei veke («1-2-3 Etablering» tysdag, «Etablererkurs» onsdag og torsdag og «Økonomikurs» fredag i uke 37).

Etablerersenteret orienterte om økonomien. Resultatet for 2017 viser eit overskot på 1.510.288,- som vert overført til fondskonto. Dei har kursavgift då det gjør at deltakarar følar seg meir plikta til å møte opp. Budsjett for 2018 er ganske likt som året før.

Etablerersenteret er også i prosess med å tilsette ein ny medarbeidar. Dette då dei no er 1,7 årsverk. Dei har hatt 37 søkjarar, både norske og fleirkulturelle.

Dei har fått midlar frå IMDi til å gjennomføre «Business Factory». Ein får maksimalt støtte til dette i tre år og dei er no på det tredje året.

Viser elles til vedlagt presentasjon for utfyllande kommentarar.

**Anna/generelt**

Arthur orienterte om prosessen rundt bruken av likvidasjonsfondet etter avviklinga av Business Region Bergen. Antatt sluttsaldo på likvidasjonsfondet vil verte ca. 3 millionar kr. Eigarmøte bestemte i 2017 at 1/3 av restsummen skal gå til Etablerersenteret og 2/3 til Invest in Bergen. Invest in Bergen sin styringsgruppe har alt vedteke å bruke 130.000 kronar til å ta imot delegasjonar.

Eigarmøte slutte seg til eit forslag frå fylkeskommunen om å slå saman desse fonda og overskotet på drifta, slik at det berre er eit fond per program. Fonda disponerast av dei respektive styringsgruppene til nye tiltak og prosjekt.

Invest in Bergen informerte om at møblane i Strandgaten 6 ble gitt vekk til kommunane, noko som var ein suksess.

**Vedlegg 1: Deltakarliste over dei som var tilstades**

Aldal	Svein Erik	Daglig leder Voss Eigedom AS
Arnesen	Arthur Kristian	Hordaland fylkeskommune
Borlaug	Jostein	Varaordfører Radøy kommune
Bruarøy	Marie E.L.	Ordfører Os kommune
Byrknes	Astrid Aarhus	Ordfører Lindås kommune
Dale	Tore	Næringssjef Askøy kommune
Drange	Elin Sjødin	Bergen kommune
Eitheim	Jostein	Hardangerrådet IKS
Espelid	Bård	Varaordfører Askøy kommune
Frøland	Knut Harald	Ordfører Samnanger kommune
Grønbech	Trine	Rådmann Vaksdal kommune
Hartvedt	Tone	Invest in Bergen
Haugetun	Børge	Ordfører Øygarden kommune
Heradstveit	Rune	Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Herøy	Stian	Ordfører Fedje kommune
Hjelmtveit	Ingvild	Osterøy kommune
Kristiansen	June	Etablerersenteret
Kulild	Martin W.	Rådmann Meland kommune
Kvamme	Roald	Hordaland fylkeskommune
Landås	Jarle	Rådmann Radøy kommune
Larsgard	Jon	Ordfører Jondal kommune
Lerøy	Per	Ordfører Austrheim kommune
Matre	Håkon	Styreleiar, Nordhordland utviklingsselskap IKS
Oddekalv	Øyvind H.	Ordfører Meland kommune
Oppedal	Hallvard	Ordfører Gulen kommune
Raunsgard	Terje	Einingsleiar Fusa kommune
Sandal	Bård	Fylkesdirektør regional utvikling, Hordaland fylkeskommune
Selvik	Gøril	Innovasjon Norge
Skeidsvoll	Jarle	Ordfører Osterøy kommune
Solsvik	Tonje Marie	Hordaland fylkeskommune
Sørhaug	Øystein	Næringssjef Lindås kommune
Totland	Karstein	Ordfører Masfjorden kommune
Torbjørnsen	Hans Petter	Ordfører Ulvik Herad
Totland	Vidar	Invest in Bergen
Ulstein	Marton	Osterøy Industrilag